




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 416/15 - Mjøs - brygge og planering av naustområde - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 23.03.22. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet, byggeforbodet i strandsona og arealføremål i sjø, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner for oppføring naust på 40 m² BYA/BRA, brygge og planering av naustområde.



Det er opplyst at Radøy kommune i 2005 gav dispensasjon for riving av eksisterande naust, oppføring av nytt naust og rehabilitering av grunnmur og mur langs kaifront. Søkjar opplyser at naustet vart rive, grunnar og kaifront vart rehabilitert, men naustet vart ikkje bygt.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Dei aktuelle tiltaka er i strid med både LNF-formålet og byggeforbodet i 100-metersbeltet. I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Planering

På ortofoto ser det ut til at planeringa allereie er utført. Om planeringa er ulovleg utført skal ein vurdere saka utifrå lovleg tilstand på staden. Det er ikkje konkret tatt stilling til i kva grad tiltaket er ulovleg utført, men sidan det er søkt om planeringa, legg vi dette til grunn i vidare vurdering av saka.



Strandsoneverdiane på ortofoto frå 2006 er store, med ein naturleg strandlinje, om ein ser bort frå brygge og naust. Planeringa av område som vist på ortofoto frå 2018 er omfattande og reduserer i vesentleg grad strandsoneverdiane i bukta, både landskap og friluftslivverdier. Den er heller ikkje naudsynt for å føre opp eit naust. Vi viser også til Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø der det mellom anna står at:

«Landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevelser og kilde til identitet og livskvalitet for innbyggerne. Ved planlegging må det tas hensyn til å bevare landskapskvaliteter og å tilpasse det bygde miljø til omgivelsene.»

Planeringa av området tar ikkje omsyn til landskapskvalitetane og er ikkje tilpassa omgivelsene. Vi er svært kritisk til planeringa som er utført.

Brygga

Den omsøkte brygga ser ut til å skulle plasserast langs ein urørt del av strandsona, og skal vere heile 10 meter lang. Brygga vil vere eit privatiserande element i strandsona og, etter det vi kan sjå, byggast på ei naturleg strandsona. Vi er i utgangspunktet kritisk til å anleggje brygge her, då det vil gjere strandsona meir bygd og endre landskapet. Vi meiner også at det er uheldig arealdisponering, med



ei 10 meter lang brygge for ein eigar. Det er ofte uheldig å leggje til rette for brygger i område der sjøen er grunn, då det ofte krev større tiltak enn andre stader der tilhøva ligg meir til rette for det.

Naustet

Det har tidlegare lagt eit naust her og det vart gjeve dispensasjon for oppføring av naust i 2005. På bakgrunn av dette vil vi i utgangspunktet ikkje rå sterkt i frå eit naust her, som er godt tilpassa terrenget. Vi kan ikkje sjå at plassering på planert område er vil gje god terrengtilpassing av tiltaket.

Statsforvaltaren rår ifrå tiltaka som omsøkt.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN